

Adresseliste

Vår dato: 12.07.2023

Vår ref.: 202308615-14 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Orientering om vedtak av detaljplan for 420 kV Refsdal-Modalen

I dag har Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) godkjent Statnett si detaljplan for spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV kraftleidning Refsdal-Modalen til 420 kV. Kraftleidninga går gjennom Vik, Vaksdal, Voss og Modalen kommunar, Vestland fylke.

Detaljplan konkretiserer korleis Statnett skal bygge og drive anlegget.

Vedtak om godkjenning er lagt ved, og ligg på nve.no [Konsesjonssak - NVE](#).

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine reglar om partsinnsyn gir grunneigarar og andre med rettar, rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, sjå <https://einnsyn.no>

Klage

Det er høve til å klage på vedtaket til Olje- og energidepartementet innan seks veker frå det tidspunktet orienteringa kom fram, eller då den som klagar fekk, eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningslova kap. VI. Partar (grunneigarar, andre med rettar, og tiltakshavar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg økonomisk eller faktisk tilknytning til saka, og organisasjonar som representerer interesser som vert påverka) har rett til å klage på vedtaket.

Ein klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Han må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om den som klagar har klagerett. Han bør og vere grunnsett. Etter forvaltningslova skal NVE vurdere klagane og førebu saka før ho vert sendt til Olje og energidepartementet for endeleg avgjerd. Vi føretrekkjer at klager vert sendt til den sentrale e-post adressa vår nve@nve.no



Ved spørsmål eller behov for nærmere opplysningar, ta kontakt med saksbehandlar i NVE, Matilde Anker tlf. 22 95 98 90 eller e-post man@nve.no.

Med hilsen

Anne Johanne Kråkenes
seksjonssjef

Matilde Anker
seniorrådgivar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakerliste:

Adresseliste